Indre Brandal Hjortevald
v/ Ståle Brandal
Svingen 11
4628 Kristiansand

HAREID KOMMUNE
Omr. LAND
Saksh. AOF
30 JUN 2014
Saks.nr. 2014/328
Dok.nr.
Løpenr.
Klass. K46

kopi BAG

Fredag 13. juni 2014

Hareid kommune
Næring- og miljøutvalet
6060 Hareid

**Klage på vedtak i NMU vedrørande PS 42/14**

Grunngjevinga for avslag er at valdet ikkje oppfyller kravet om samanhengande eigedomar, jf § 10 i forskrift om forvaltning av hjort.

Her er det ikkje tatt hensyn til § 33 i Viltlova, der det blir gitt kommunen skjønnsrom til å foreta ei heilheitsvurdering. Det kan visast til etablert praksis andre stader i landet, og der også Hareid kommune har godkjent vald med same praksis.

I Brandal har det ikkje vore godkjent vald siste åra. Derfor har hjortebestanden blitt forholdsvis stor.

Vi meinar at kommunen burde gjere rett i å finne løysingar som ligg innanfor kommunen sitt skjønsområde, slik at vi kan få godkjent eit vald og dermed får beskatte hjortebestanden og ikkje minst nytte jaktrettane våre.

I NMU i mai vart det godkjent fire andre vald på gnr 40. Desse valda vart godkjende fordi ein frå kommunalt hald har brukt fornuftig skjøn og god vilje for å få igang att hjortejakt i Brandal. God hjorteviltforvaltning tilseier at dette er rett.

Vår søknaden gjeld eit lite vald som ikkje har fysisk samanheng mellom areala, men dei er berre adskilt av rørgata og elveleie. Rådmann og sakshandsamar har likevel tilrådd at vi skal få godkjent Indre Brandal Hjortevald. Dette er gjort fordi ein ser at det tener hjorteviltforvaltninga i området vårt på same måten som i dei fire andre tilfella som NMU godkjende.

Saksutgreiinga til admininstrasjonen har gjort seg nytte av retten (som lovverket gjev) til å bruke skjøn i vurderinga av eit areal som ligg svært godt til rette for hjortejakt, og der viltet ikkje møter unaturlege hindringar.

Vi håper at klagen vår vil nå fram, slik at vi no kan nytte jaktrettane våre frå hausten.

Med helsing

Ståle Brandal

Ståle Brandal | Jens Terje Tennfjord | Johan Ole Brandal | Jostein Bratli

Vedlegg:

- Historikk
- Oppdatert kart
- Underskrifter til gnr/bnr 40/20

# Historikk

På årsmøtet i 2013 ynskte vi å føye til eit punkt i vedtektene. Dette var formann og sekretær uenige i, og dermed blei det avvist utan avstemming. Styret skal administrere årsmøtet, ikkje diktere årsmøtet.

Då vi fekk tilsendt vedtektene i ettertid, var ikkje dette punktet med. Nokre av oss valde då å føye på ein kommentar, medan andre ikkje rakk å sende inn før vi fekk eit brev frå styret i Brandal Hjorteviltlag der vi fekk melding om at vi no «ikkje kan reknast som medlem i Brandal Hjorteviltlag».

Dette stilte vi spørsmål ved i eit brev sendt like etterpå. Dette har vi endå ikkje fått svar på. Vi er kjend med at det etter dette blei det gjennomført ekstraordinært årsmøte der vedtektene blei endra i tråd med styret sitt ynskje.

Dette er årsaka til at vi ikkje ser at vi har nokon annan måte å nytte jaktrettane våre på, enn å danne eit eige vald.


Indre Brandal
19.09.2013
Målestokk [redacted]
N
Y 345600
Y 345000
Y 344400
Y 343800
X 6922200
X 6921600
X 6921000


Indre Brandal
19.09.2013
Målestokk [redacted]
N
Y 345600
Y 345000
Y 344400
Y 343800
X 6922200
X 6921600
X 6921000

Tillegg til tidlegare innsendt.

# SØKNAD OM GODKJENNING AV VALD / ENDRING AV VALD

NYNORSK

MILJØ-DIREKTORATET

**Søknadsfristar:**
Godkjenning av nytt vald:
- elg, hjort og rådyr: 1. mai
- villrein: 15. mai

Endring av vald: 1. april

**Til villreinnemnd/administrativ kommune:** HAREID

Eitt skjema for kvar art (berre eitt kryss):

Elg ☐ Rådyr ☐

Hjort ☒ Villrein ☐

Fylke: M&R

Kommune/-ar: HAREID

Namn og ev. nr. valdet: INDRE BRANDAL

Les informasjon på baksida

| Namnet på eigedommen | Gnr./bnr. | Totalt areal a) | Teljande areal b) | Underskrift av jaktrettshavaren c) |
|---|---|---|---|---|
| 1.* LEGENE | 40/20 | | 7da | * Åshild Brandal Berge |
| 2. | | | | * Marita Brandal Almli |
| 3. | | | | For Alette Brandal |
| 4. | | | | Kjellrun Veiseth |
| 5. | | | | Unni Waagethagel[illegible] |
| 6. | | | | |
| 7. | | | | |
| 8. | | | | |
| 9. | | | | |
| 10. | | | | |
| 11. | | | | |
| 12. | | | | |
| 13. | | | | |
| 14. | | | | |
| 15. | | | | |
| 16. | | | | |
| 17. | | | | |
| 18. | | | | |
| 19. | | | | |

Snu arket for å få ei forklaring på a), b) og c).

Sum dekar teljande areal : ..............................

Det blir i tillegg søkt godkjenning for .............................. dekar "annet areal" som grunnlag for fellingsløyve.

Følgjande eigedomar er innafor grensane til valdet, men er ikkje med i valdet (gnr./bnr.): ..............................

10/6-2014 Dato

Sole Brandal
Underskrift av valdansvarleg representant

Adresse: ..............................

Postnr./-stad: ..............................

Telefon: ..............................

E-post: ..............................

Kommunen/villreinnemnda godkjenner at valdet er samanhengande og har ei avgrensning og ei form som gjer at det høvar til hjorteviltjakt.

Det blir totalt godkjent .............................. dekar som grunnlag for tildelinga.

.............................. Dato

.............................. Villreinnemnda / kommunen